



Ny kjettingplass og kolonnefelt i Borlaugskrysset.

14-1369 grafisk senter@vegvesen.no - foto: Ole Kristian Åset og Odd Erik Haugen



I Honingane kan deltakarane på kulturvandringa kvile seg på spesialbygde sitjeplassar.



E16 Borlaugstunnelen vart opna for trafikk i juli.

INVITASJON



Statens vegvesen



Storfeiring i Maristovelia/Filefjell

- vegmarkering og kulturvandring laurdag 30. august



Honingane, med nyrestaurerte bruer på historisk veg og nye E16 lengre opp i lia.

- Markering av E16 Smedalsosen–Borlaug
- Kulturvandring og opning av fire nyrestaurerte bruer på Kongevegen og Bergenske Hovedvei i Maristovelia
- Markering av Grunnlovsjubileet og Statens vegvesen 150 år



Statens vegvesen



Lærdal kommune



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014



PROGRAM FOR DAGEN – LAURDAG 30. AUGUST

Kl. 1100: **Veteranbuss frå rådhuset i Lærdal sentrum**

Kl. 1145: **Oppmøte ved Borlaugskrysset.** Parkering langs kolonnefelt på E16.

Kl. 1200: **Markering av E16 Smedalsosen–Borlaug**

Fra Borlaug kører vi til Honingane, der vi parkerer og går til dei to nybygde bruene på den historiske vegen.

Kl. 1300: **Opning ved Honingane**

- Velkomsthelsing ved Kåre Hovland
- Lærdal musikkklag spelar
- Innslag ved Lærdal kulturskule
- Offisiell opning av dei to bruene ved Honingane
- Servering av saft og kaker

Deretter går turen vidare oppover Maristovelia, på restaurerte deler av den Bergenske Hovedvei frå 1850 og delvis på Kongevegen frå 1790-åra.

Undervegs vert det kulturelle innslag. Ved dei to bruene over elva Oddedøla tek vi ei pause.

- Offisiell opning av dei to øvste bruene

Kulturvandringa endar opp på Maristova.

Her blir det underhaldning og helsingar frå kl. 1500.

Festleiar er Ragnhild Sælthun Fjørtoft.

- **Grunnlova 200 år**

- Helsing ved ordførar i Lærdal Jan Geir Solheim

- **Statens vegvesen 150 år**

- Helsing ved direktør Lars Aksnes i Statens vegvesen Vegdirektoratet
- Kåseri om rallaren sin song i arbeid og fritid ved Synnøve Lien og lokale musikkarar
- Veghistorie i Lærdal ved Geir Paulsrød, tidl. direktør for Norsk Vegmuseum
- Ca. kl. 1600: Matservering

Antrekke: Turkle og gode spasersko.



I Borlaugskrysset er det bygd ei rundkøyring. Her møtest E16 over Filefjell og rv. 52 over Hemsedal.

For 200 år sidan reiste delegatar frå Vestlandet gjennom Lærdal på veg til Eidsvoll for å vere med på utarbeidinga av Noregs første grunnlov. For 150 år sidan fekk landet sin første vegdirektør, og Statens vegvesen vart grunnlagt. Desse to jubilea feirar vi nettopp i Lærdal, med å opne nye E16 mellom Smedalsosen–Borlaug, og fire restaurerte bruer på dei gamle vegane gjennom Maristovelia.

Lærdal og fjellområda rundt har i fleire hundre år vore knutepunkt mellom aust



Gamle murar og nyrestaurert bru i Hønefossen.

og vest, og det var denne vegen eidsvollsmennene reiste i 1814. Frå Bergenshus amt kom dei, alle i same ærend.

På markeringa 30. august vil vi trekke linjer bakover i tid, og samstundes løfte blikket og sjå framover. Knapt nokon stad er vegutviklinga like tydeleg som i Lærdal, side om side ligg fleire generasjonar veg. Ved Hønefossen og Maristova skriv ein i desse dagar neste kapittel i veghistoria med bygginga av ny E16 over Filefjell.



Det nye brøytestasjonen i Borlaugskrysset.